



Ing Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2044 - 17/17435

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:
05.09.2017

Godkjenning - GBNR 40/4, 1, 5 - Løyve til plassering av vassleidning, samt tilkopling - Espetveit

Administrativt vedtak. Saknr: 238/2017

Tiltakshavar: Arne Husa
Ansvarleg søker: Ing. Taule AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søker har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til plassering av vassleidning over gbnr. 40/5 og 40/1 fram til 40/4.

Gbnr. 40/4 er matrikkelregistrert med eit areal på om lag 356 daa, og Helga Alise og Arne Husa står registrert som heimelshavar. Eigedomen er bebygd med blant anna to våningshus, og har godkjent avlaupsordning med slamavskiljar.

Vi viser til søknad med vedlegg jurnalført motteke 30.8.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket har ikke vore nabovarsla. Dei av naboane som vert berørte av tiltaket har signert erklæring om rettighet i fast eigedom, og er såleis kjent med tiltaket. Kommunen krev difor ikke nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidning er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På grunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningen er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikke vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikke sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet.¹ Kommunen kan difor ikke sjå at det er naudsynt å handsame søknad om dispensasjon frå arealformålet LNF, men føreset at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunens kal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikke sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til branngjørgjeik, lys og luft ikke får betydning.

Privat rett til framføring av vassleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.»

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vassleidning over gbnr. 40/5 og 40/1 ved avtaler datert 2.8.2017 og 4.8.2017. På bakgrunn av dette har gbnr. 40/4 sikra rett til framføring av vassleidning i samsvar med pbl § 27-1.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 30.8.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er balagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vassleidning som omsøkt på gbnr. 40/5 og 40/1 fram til 40/4. Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

¹ Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.6.2015, ref: 15/2054-3.

Meland kommune godkjenner at gbnr. 40/4 vert knytt til kommunalt vassanlegg for to våningshus og på følgjande vilkår:

- *Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknytinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva pr Rueining (totalt kr 40 000 + mva).»*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Kart.pdf
Tverrsnitt grøft.pdf

Kopi til:

Arne Husa

Fureskjeggvegen 9 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ